

### **Utfyllande tekst til vedlegg**

Gjennom prosjektet vil me skapa eit fast samlingspunkt for kulturlivet i Samnanger kommune. Ønskje er at Kulturveka på sikt skal verta ein innarbeidd tradisjon som innbyggjarane ser fram til. Me har mange frivillige lag og organisasjoner som driv sine kulturaktivitetar gjennom året. Innan eining for kultur har me kulturskulen, biblioteket og kulturkontoret. Det fins allereie mykje godt samarbeid mellom kommunen og frivilligheita, men ikkje noko på størrelse med dette prosjektet, og som er årleg.

Det er planlagt å arrangera veka for første gong frå laurdag 4. juni til laurdag 11. juni. Opning av utstilling i Galleri Smio ved Samnanger kunstlag og marknadsdag på Bjørkheim ved Bjørkheim vel er allereie etablerte hendingar. Det passar difor godt at Kulturveka vert starta og avslutta med desse arrangementa. I dagane mellom vil det bli arrangert både kurs, føredrag og underhaldning tilpassa forskjellige aldersgrupper og interesser, hovudsakleg basert på lokale/regionale aktørar. Per no er det ikkje detaljplanlagt, men me er avhengig av samarbeid med frivillige lag og organisasjoner for gjennomføringa.

Nokon av arrangementa vil vera basert på frivillige, som til dømes kunstutstillinga på Galleri Smio, medan på kurs og føredrag er det viktig med god kvalitet. Me vil leiga inn personar lokalt og regionalt der det trengs.

Me vil også legga til rette for at frivillige lag og organisasjoner samt privatpersonar og næringsliv kan ha "stands". Her kan dei kan presentera eigne kulturtildelning og eventuelt selja produkt. Eining for kultur kjem til å ha stand for sine tenester.

For målgruppa ungdom er det planlagt ein workshop på ungdomsskulen kor dei har høve til å drøfta kva dei ønskjer av kulturaktivitetar i kommunen. Sjølv om dette arbeidet skal gje oss ein retning i eit langsigkt perspektiv, vil me å henta inn innspel til kulturaktivitetar for ungdom som skal gjennomførast i kulturveka. Me vil også oppmoda aldersgruppa i vidaregåande skule til å koma med innspel. Eining for kultur har tidligare arrangert UKM-workshophelg med fleire forskjellige kurs for barn og unge som visa seg svært vellukka.

Det skal lagast eit samla program for Kulturveka til alle husstandar i kommunen. Kulturaktivitetane vil verta arrangert i forskjellige ungdoms- og gren dahus samt bibliotek, skule, sjukeheim, Galleri smio og på næringsstaden Bjørkeim. Programmet er ikkje satt enno, men me har ei målsetning om bredde i kulturuttrykka og i målgruppa.

Alle arrangement retta mot barn og unge skal skje utanfor skuletid.